



MØREFORSKING

Årsrapport 2004




Formål

Møreforskning skal gjennom kunnskapsutvikling på utvalde område medverke til utvikling og nyskaping i nærings- og samfunnsliv i regionen. Samstundes skal instituttet vere aktivt og konkurransedyktig i det nasjonale og internasjonale forskings-

systemet. Det skal leggest særleg vekt på å styrkje den innovative rolla i samarbeid med regionalt næringsliv og offentleg forvaltning.

Organisasjon

(gjeldande frå 1.1.02)



Eit hovudstyre på ni medlemmer er det øvste organet i stiftelsen. Hovudadministrasjonen for stiftelsen ligg i Volda.

Frå 1.1.02 er Møreforskning organisert etter ein *konsernmodell*. Forskningsverksemda er lagt til dei to forskingsavdelingane *Møreforskning Volda* og *Møreforskning Ålesund* og dotterselskapet *Møreforskning Molde AS*. Aksjonærar i dotterselskapet er Møreforskning (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %).

Hovudstyret i Møreforskning i 2004

Medlemmer

Adm. dir. Odd Folland (leiar)
Ass.regional- og næringsdir. Bergljot Landstad
Prosjektleiar Gerd Slinning
Førsteamanuensis Vilmar Æsøy
Direktør Knut Stenerud (nestleiar)
Organisasjonsarbeidar Kjell Fevåg
Direktør Knut Stenerud (nestleiar)
Forskningsleiar Johann Roppen
Forskar Margareth Kjerstad

Personlege varamedlemmer

Dagleg leiar Solveig Strand
Fylkesutdanningssef Per Hoem
Divisjonsdirektør Roar Tobro
Førsteamanuensis Lidveig Bøe
Dagleg leiar Lasse Bræin
Distriktsssekretær Per Ørnulf Andersen
Konserndirektør Sverre Devold
Forskningsleiar Iren Stoknes
Forskar Randi Bergem

Oppnemnande instans

Møre og Romsdal fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Noregs forskingsråd
Høgskolane i Møre og Romsdal
Møreforskning Molde AS
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Næringslivets Hovedorg. (NHO)
Avdelingane i Møreforskning
Personalet i Møreforskning

Hovudkontoret i Volda - administrasjonen i 2004

Direktør Bjørn Stave - Førstekonsulent Anne Aarskog - Konsulent Marit Eliassen

Publisering i 2004

I 2004 hadde konsernet Møreforskning følgjande tal publikasjonar:

Artiklar i internasjonale vitenskaplege tidsskrift som brukar fagkonsulent (referee) i kvalitetssikringa: 8
Artiklar i norske vitenskaplege tidsskrift som brukar fagkonsulent (referee) i kvalitetssikringa: 1
Kapittel eller artiklar i fagbøker, lærebøker, konferanserapportar og fagtidsskrift: 15
Rapportar i eigen rapportserie: 41

Rapportar til oppdragsgivarar: 10
Foredrag/framlegging av paper/poster: 35
Populærvitenskaplege artiklar og foredrag: 24
Leiarar, kommentarar, meldingar, kronikkar og liknande publisert i tidsskrift, dagspresse: 20

Meir informasjon om publikasjonane finst på Møreforskings heimeside www.moreforsk.no.

Årsmelding

Generelt

Møreforsking er organisert etter ein *konsernmodell*. Konsernet er sett saman av stiftelsen Møreforsking og dotterselskapet Møreforsking Molde AS. Stiftelsen har dei to avdelingane Møreforsking Volda og Møreforsking Ålesund og eit hovudkontor lagt til eit sekretariat i Volda. Aksjonærar i dotterselskapet er stiftelsen Møreforsking (51 %) og Høgskolen i Molde (49 %). Prinsippa for dotterselskapet si deltaking innanfor konsernet er regulert gjennom vedtekter og aksjonæravtale.

I Møreforskings strategiske plan for perioden 2002 – 2004 er sentrale mål å styrke instituttets nettverk og posisjon nasjonalt og internasjonalt, samstundes med ei styrking av den regionale rolla. Møreforsking skal ha ei pådrivarrolle når det gjeld å utvikle og få gjennomført FoU-prosjekt til nytte for næringsliv, offentleg forvaltning og samfunnsliv elles i regionen. Samstundes er det eit mål å vidareutvikle samarbeidet med høgskolane i regionen og internt i Møreforsking.

Utførte årsverk ved instituttet var 37,4. Årsverka fordelte seg med 8,1 på Møreforsking Volda, 14,8 på Møreforsking Ålesund, 2,3 på sekretariatet og 12,2 på Møreforsking Molde AS.

Personale

I løpet av året var i alt 86 personar knytte til Møreforskings verksemd i heil- eller deltidstilling eller på timebasis. Av dei 56 som var tilsette i eit stillingsomfang på 20 % eller meir av heil stilling, hadde 46 Møreforsking som hovudarbeidsgivar medan 8 hadde hovudstilling ved ein av dei samarbeidande høgskulane. I denne gruppa var det 5 med kompetanse som professor/seniorforskar/forskar I og 13 med kompetanse som førsteamanuensis/forskar II. Ein av forskarane disputerte for doktorgraden og 5 var i gang med vidareutdanning fram mot doktorgraden.

Det er praktisert full likestilling i høve til alle stillingar og funksjonar ved instituttet og det er i 2004 ikkje gjennomført spesielle tiltak på dette feltet.

Arbeidsmiljø – ytre miljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har ikkje vore rapportert om skadar eller ulykker. Samla sjukefråværing i kon-

sneret var på 1,75 årsverk eller 4,68 % av det samla talet på årsverk. For stiftelsen Møreforsking og Møreforsking Molde AS var sjukefråværing på høvesvis 4,3 % og 5,4 %.

Konsernet Møreforsking har ikkje aktivitet som har negative følgjer for det ytre miljøet.

Fagleg verksemd

Forskingsverksemda ved Stiftelsen Møreforsking er fordelt på følgjande hovudområde: Fiskeri og havbruk, velferdsforskning (ungdoms-, utdannings- og helse- og sosialforskning), planlegging, organisasjon og styring (regional utvikling, næringsutvikling og evaluering av offentleg verksemd) og media og informasjon. Det er også ein del aktivitet innanfor humanistisk forskning og miljø- og materialteknologi. Dessutan blir det arbeid med å bygge opp forskning innanfor maritim sektor i nært samarbeid med Høgskolen i Ålesund. Dette er eit viktig satsingsområde sett i høve til næringsstrukturen i Møre og Romsdal.

Hovudområda for Møreforsking Molde AS er transportøkonomi, logistikk, næringsøkonomi og samfunn/organisasjon og leiging.

I 2004 er det satsa vidare på å kome i betre inngrep med EU-forskinga. Dette har gitt positivt resultat ved at Møreforsking Volda kom inn i prosjektet GoFOR (New Modes of Governance for Sustainable Forestry in Europe) under EU's 6. rammeprogram. Frå før er Møreforsking Ålesund med i det integrerte prosjektet SEAFOODPlus i same rammeprogrammet. Dessutan er Møreforsking Molde AS med som underleverandør på to EU-prosjekt innanfor logistikk.

Prosjekttilgangen var rimeleg god på dei fleste satsingsområda i 2004. Stiftelsen har to strategiske instituttprogram (SIP) frå Forskingsrådet. Dette gjeld "Auka verdiskaping av marine ressursar gjennom utnytting av ny teknologi", knytt til Møreforsking Ålesund og "Kommunikativ planlegging og utvikling" knytt til Møreforsking Volda. Det første SIPet har som mål å vidareutvikle kompetansen innanfor marin bioteknologi og transport av levande sjømat. Det andre SIPet er retta mot planlegging i offentleg sektor med særleg vekt på strategisk og mobiliserande planlegging. Strategiske instituttprogram spelar ei viktig rolle for kompetanseoppbygginga ved instituttet. I januar 2005 gav



Direktør Bjørn Stave.

Forskingsrådet melding om at begge programma var godkjent vidareførde i to nye år.

Økonomi

Årsrekneskapan legg til grunn vidare drift av konsernet Møreforsking som i 2004 hadde brutto driftsinntekter på knapt 27,83 mill. kroner. Driftsinntektene for stiftelsen Møreforsking og Møreforsking Molde AS var på høvesvis 19,80 mill. kroner og 8,28 mill. kroner. Rekneskapan viser eit årsresultat for konsernet med eit overskot på kr 1 366 123. Dette er sett saman av eit positivt årsresultat på kr 1 900 993 for stiftelsen Møreforsking og eit negativt årsresultat på – kr 534 870 for Møreforsking Molde AS.

Av samla konserninntekter var 2,45 mill. kroner eller knapt 8,8 % grunnfinansiering frå Noregs forskingsråd. I tillegg hadde konsernet tilskot frå Forskingsrådet på vel 1,8 mill. kroner til strategiske instituttprogram (SIP) og 1,264 mill. kroner i generelle midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

I samband med disponering av årsoppgjeret er det sett av kr 63 131 til stimuleringsfond. Etter gjeldande retningslinjer fastsette av styret, kan stimuleringsfondet nyttast til utvikling av samarbeidsprosjekt internt i konsernet, utvikling av internasjonalt samarbeid, styrking av næringsretta forskning og kompetanseutvikling. I 2004 vart dei to førstnemnde områda prioriterte.

Perspektiv framover

Grunnlaget for drifta ved inngangen til 2005 er tilfredsstillande både økonomisk og i høve til oppdragsdekninga. Men det ligg likevel ei utfordring i at nokre av arbeidsområda har ei svakare dekning enn ønskeleg når ein kjem fram mot sommar. Dei seinare åra er det arbeid spesielt for å styrke eigenkapitalen ved avdeling Møreforsking Ålesund (MFÅ).



Styret i Møreforskning i 2004, frå venstre: Gerd Slinning, Vilmar Æsøy, Johann Roppen, Knut Stenerud (nestleiar), Margareth Kjerstad, Odd Folland (leiar), Kjell Fevåg, Bjørn Stave (direktør), Bergljot Landstad.

For konsernet har det i perioden 1995-2004 vore følgjande utvikling i fordelinga av prosjektinntektene etter kategoriar oppdragsgivarar:

	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Statleg sektor	41 %	27 %	33 %	30 %	25%	21%	35%	36%	35%	39% ¹⁾
Kommunal sektor	6 %	5 %	7 %	3%	11%	9%	11%	14%	12%	13%
Næringsliv, organisasjonar, andre	39 %	45 %	23 %	32 %	27%	38%	22%	24%	23%	21%
Forskningsrådet	14 %	23 %	37 %	35 %	37%	32%	32%	26%	30%	27%

1) Inkluderer midlar frå Innovasjon Norge. Desse utgjorde 10% av prosjektinntektene i 2004.

Gjennom tilføring av eigenkapitaltilskot i 2002 og svært gode årsresultat i 2003 og 2004, er eigenkapitalen for MFÅ styrkt vesentleg og er komen på linje med dei andre einingane i konsernet.

Konkurransen i forskingsmarknaden er aukande både nasjonalt og internasjonalt og utviklinga favoriserer på mange måtar dei store fagmiljøa. Det er derfor viktig å bygge opp eit kvalitativt sterkt fagmiljø som samstundes er robust i høve til svingingar i marknaden og nøkkelpersonale som sluttar. I dette perspektivet er det nødvendig å vidareutvikle samarbeid

det internt i Møreforskning og samarbeidet med høyskolane. For regionen vil dette gi eit større og meir fleksibelt fagmiljø med samla sett høgare kompetanse. Ei slik utvikling føreset m.a. at den sentralt gjevne insentivstrukturen i noverande finansieringsmodell for høgskolesektoren blir endra. Møreforskning har i 2004 arbeidd sterkt for dette og har forventningar til at den nye Forskningsmeldinga, som kjem i 2005, ut frå eit heilskapleg perspektiv innfører systemendringar, som vil fremje samarbeidet mellom instituttsektoren og UH-sektoren. Møreforskning ser det også som

viktig med ei heving av basisløyvinga for instituttsektoren samstundes som nivået for samanliknbare institutt blir likare enn i dag. Siktemålet bør vere eit nivå som er på linje med det ein har i dei mest sentrale landa ein i aukande grad konkurrerer med i Europa. I denne samanhengen ser Møreforskning det også som viktig med ei styrking av verkemiddel som kan fremje FoU-samarbeid internasjonalt.

Møreforskings viktigaste ressurs er ein motivert og fagleg solid stab. Styret vil takke alle tilsette for engasjement og god innsats i året som gjekk.

Volda, 31.12.04/10.3.05

Odd Folland
leiar

Knut Stenerud
nestleiar

Kjell Fevåg

Lars J. Halvorsen

Bergljot Landstad

Gerd Slinning

Iren Stoknes

Vilmar Æsøy

Bjørn Stave
direktør

Resultatrekneskap

Utdrag¹⁾

Stiftelsen 2004	Stiftelsen 2003	Møreforsking	Konsern 2004	Konsern 2003
Driftsinntekter				
20 943 548	20 573 902	Driftsinntekter	28 991 874	29 144 958
- 1 148 611	- 231 517	Endring oppdrag i arbeid og forsk.fakt.	- 1 163 629	- 213 693
19 794 937	20 342 385	Sum brutto driftsinntekter	27 828 245	28 931 265
Driftskostnader				
3 569 116	4 956 687	Direkte prosjektkostnader	4 636 186	6 261 776
11 817 141	11 661 052	Personalkostnader	17 830 556	17 851 626
2 494 425	2 839 802	Andre driftskostnader	3 822 260	4 002 080
186 511	91 082	Avskrivning	372 905	252 107
18 067 193	19 548 623	Sum driftskostnader	26 661 907	28 367 589
1 727 744	793 762	Driftsresultat	1 166 338	563 676
173 249	418 668	Netto finanspostar	199 785	503 968
1 900 993	1 212 430	Årsresultat	1 366 123	1 067 644
		Av dette minoritetsint. sin resultatandel	- 262 086	- 70 946

Balanse

Utdrag¹⁾

5 395 466	5 329 340	Eige		
18 088 324	17 690 324	Anleggsmidler	2 222 298	2 300 758
23 483 789	23 019 664	Omlaufsmidler	23 012 622	22 615 850
		Sum eige	25 234 920	24 916 608
Eigenkapital og gjeld				
300 000	300 000	Innskoten eigenkapital	300 000	300 000
14 534 498	12 633 506	Opptent eigenkapital	13 539 340	12 173 218
8 649 291	10 086 159	Gjeld	11 395 579	12 443 390
23 483 789	23 019 664	Sum eigenkapital og gjeld	25 234 920	24 916 608

¹⁾Fullstendig årsrekneskap og revisjonsmelding kan ein få ved å vende seg til Møreforskings administrasjon.

Volda, 31.12.2004/10.03.2005

Odd Folland
leiar

Knut Stenerud
nestleiar

Kjell Fevåg

Lars J. Halvorsen

Bergljot Landstad

Gerd Slinning

Iren Stoknes

Vilmar Æsøy

Bjørn Stave
direktør

Møreforskning Ålesund

Generelt

Møreforskning Ålesund (MFÅ) har lokaler ved sjøen i Gangstøvika, i nær tilknytning til Høgskolen i Ålesund sine anlegg innen havbruk og foredling.

MFÅ har sin hovedkompetanse innen anvendt forskning. En stor del av aktiviteten foregår i samarbeid med regionale bedrifter.

Forskningsområder

Det aller meste av arbeidet er innenfor fiskeri og havbruk. En mindre oppdragsaktivitet pågår innen miljø- og materialteknologi. Det er tatt initiativ til å bygge opp aktivitet innen maritim sektor – i nært samarbeid med Høgskolen i Ålesund.

Arbeidet innen fiskeri og havbruk spenner over hele næringskjeden fra biologi- og ressursforskning, over fangst og foredling til produktutvikling og marked. Det er et utstrakt samarbeid med forskningsinstitusjoner nasjonalt og internasjonalt. Samarbeidsavtaler er inngått med SINTEF Fiskeri og havbruk AS og med AKVAFORSK.

MFÅ har støtte fra Forskningsrådet til et strategisk instituttprogram for er å styrke kompetansen innen marin bioteknologi og lagring/transport av levende sjømat.

Personale

Ved årsskiftet hadde avdelingen 16 personer med Møreforskning som sin hovedarbeidsgiver, og det ble utført totalt 14,8 årsverk.

Økonomi

MFÅ hadde 12,6 mill. kroner i inntekter. Grunnbevilgningen fra Forskningsrådet utgjorde 6,9 % av de totale inntektene. De øvrige inntekter var fra strategisk instituttprogram og prosjektarbeid med finansiering fra næringsliv og offentlige instanser.

Utforskning av dyphavet



MAR-ECO prosjektet har som mål å kartlegge den Midt-Atlantiske Ryggen fra Azorene til Island for å få en bedre beskrivelse av det biologiske mangfoldet og samspillet mellom artene i dette området. Feltarbeidet ble utført sommeren 2004, og Møreforskning deltok med personell og stod for toktledelsen på linefartøyet M/S Loran. Denne linebåten opererte sammen med forskningsskipet G. O. Sars.

Det ble fisket med line, teine og garn og det ble fisket i dyp fra 450 til 4 300 meter. Omtrent 9 000 individ og minst 50 arter kom om bord i linebåten. Størrelsen på fisken varierte fra 16 til 440(!) cm. Det innsamlede materialet fra M/S Loran vil bli svært viktig i beskrivelsen av de store predatorer som finnes i dypet langs den Midt-Atlantiske Ryggen. Det er mulig at det ble funnet nye arter, og det arbeides nå med å fastslå om artene er nye for vitenskapen.


Håkjerring.

Bioprospektering av marine organismer

I de store havdypene finnes fiskearter og organismer med egenskaper som vi ikke kjenner til fra livet på land. Artene i dyphavet har utviklet spesielle biokjemiske og metabolske systemer for å tilpasse seg et liv i mørke, kulde og med høyt trykk. Sannsynligheten for å finne nye antimikrobielle stoffer eller enzymer med spesielle egenskaper som kan være til nytte i industrien eller den biologiske/medisinske forskningen er derfor stor.

Med utgangspunkt i materialet som ble samlet inn under dyphavstoktet langs den Midt-Atlantiske rygg, startet Møreforskning i 2004 et prosjekt innen marin bioteknologi i nært samarbeid med Høgskolen i Ålesund. Prosjektet "Bioprospektering av dyphavsarter" er støttet av Møre og Romsdal fylke.

Møreforskning Ålesund og Høgskolen i Ålesund samarbeider om å bygge opp et felles kompetansemiljø i marin bioteknologi; Biotech Møre. En faggruppe på 14 personer er tilknyttet.



Innvoller i dyphavsfisk kan inneholde antimikrobielle stoffer eller enzymer som kan være til nytte for industrien eller den biologisk/medisinske forskningen.

Levende krabber



For å få betegnelsen kvalitetskrabbe stilles strenge krav til både utseende og matinnhold. Man beregner at rundt 20% av de norske krabbene kommer inn under denne kategorien.

Langs Norskekysten fra Svenskegrensa til Vesterålen krabber det rundt store mengder taskekrabber. I Norge er fangstene doblet de siste årene. Potensialet for eksport til skalldyrelskende nasjoner er stort. Pågående ressursundersøkelse tyder på at fangstmengden kan ytterligere økes uten fare for ressursen. Krabbefisket er på sitt beste i august-september når sjø- og lufttemperaturer er på det høyeste. Høye temperaturer krever god kunnskap om krabbens fysiologi i kombinasjon med smarte tekniske løsninger for å få god overlevelse og god kvalitet på dette ettertraktede råstoffet. Møreforskning jobber med å finne gode teknologiske løsninger for fangstbehandling og transport av levende krabber.

Møreforskning har på oppdrag fra næringsorganisasjoner nylig utarbeidet boka "Taskekrabben". Den er nå tilgjengelig for alle interesserte og er et viktig verktøy for fiskere, foredlere og selgere, særlig i forhold til kvalitetsvurderinger av råstoffet.

Saltfisk i nye klær

Saltfisk pakket i plastskåler gir nye muligheter. Gjennom to års lagring holder saltfisken i plastskåler like god kvalitet som den som er pakket i tradisjonelle pappkartonger. Fisken kan transporteres og lagres sammen med andre matvarer, og den nye emballasjen er godt mottatt av markedet.

Møreforskning har sammen med Fiskeri- og havbruksnæringsens landsforening, to andre forskningsinstitutter og flere bedrifter arbeidet med å undersøke og dokumentere kvalitet på saltfisken under lagring. Møreforskning har også testet det nye produktet hos importører i Italia og Hellas. Trenden er at markedet ønsker mer forbrukervennlige pakninger. De "nye klærne" har vist seg å være godt egnet, så nå gjelder det å skreddersy dem i forhold til markedets ønsker.



Saltfilet pakket i tette plastskåler med påsveiset film. Et vanntett og luktfritt alternativ til tradisjonelle pappkartonger.



Iren Skjåstad Stoknes.
Adm.leder/forskningsleder.

Administrasjon

Dr. ing. Iren S. Stoknes, forskn.leder
Siv.øk. Gunnar Gundersen, førstekons.
Ing. Harald Inge Haagensen, EDB-ansv.

Fiskeri og Havbruk

Gruppeleder

Dr.ing. Iren S. Stoknes, forskn.leder

Prosjektmedarbeidere:

Cand.sci. Jan Erik Dyb, forsker III
Bioing. Wenche Emblem, vit.kons.
Fiskerikand. Kari L. Fjørtoft, forsker III
Cand.sci. Inge Fossen, forsker III/stipendiat HiÅ
Dr.sci. Agnes C. Gundersen, forsker II
Ing. Harald Inge Haagensen, ingeniør
Høgskolekand. Ann Helen Hellevik, forsk. ass. II
Fiskerikand. Margareth Kjerstad, forsker III
Siv.ing. Jannicke F. Remme, forsker III
Cand.mag. Jan Erich Rønneberg, vit.kons.
Dr.sci. Marianne Synnes, forsker II
Cand.sci. Stig Tuene, forsker III
Cand.mag. Andreas W. Wammer, vit.kons.
Cand.real Astrid K. Woll, forsker III
Dr.sci. Grete H. Aas, forsker II

Materialteknologi

Gruppeleder

Siv.ing. Lars Petter Bryne, høgskolelektor HiÅ

Prosjektmedarbeidere:

Ing. Bjørn O. Bigseth, avd. ing. HiÅ
Ing. Kjell Borgund, avd.ing. HiÅ
Ing. Gunnar Liadal, avd.ing. HiÅ
Siv.ing. Gunnar Nybø, dagl.leder Marine Rådgivningstjenester AS
Dr.ing. Geirmund Oltedal, 1. aman. HiÅ
Ing. Terje Røbekk, avd.ing. HiÅ
Ing. Kurt Sagen, avd.ing. HiÅ
Siv.ing. Arne J. Sollied, høgskolel. HiÅ
Mekaniker Andre Tranvåg, HiÅ
Dr.ing. Vilmar Æsøy, 1. aman. HiÅ

Møreforskning Volda

Generelt

Møreforskning Volda (MFV) held til på same område som Høgskulen i Volda.

Forskarane som har MFV som hovudarbeidsgjevar held til i ein eigen paviljong.

Forskningsområde

Mesteparten av verksemda til MFV fell innanfor to område:

- Regional utvikling
- Velferdsforskning

Det er også noko oppdragsverksemd innan mediefag. Dei viktigaste oppdragsgjevarane er Forskningsrådet og offentleg forvaltning på kommune-, fylkes- og statleg nivå. Så godt som alle oppdraga er finansiert av norske oppdragsgjevarar.

Forskningsområdet Regional utvikling arbeider med næringsutvikling, regional utvikling og evaluering av offentleg verksemd. Jørgen Amdam er Møreforskings gruppeleiar for forskningsområdet, og han er også leiar for Forskningsrådets programstyre for regional utvikling. Forskningsrådet har lagt koordinatorstillinga for regional forskningsprogrammet til Møreforskning Volda. Møreforskings strategiske instituttprogrammet (SIP) i kommunikativ planlegging vart starta i 2002 og skal gå til 2006.

Innanfor velferdsforskninga er det både ungdoms- og utdanningsprosjekt og helse- og sosialprosjekt. Forskningsområdet utdannings- og ungdomsforskning har i stor grad retta seg mot utdanningshistorie, utdanning og livsløp og utdanning og velferdsstat. Fellesnemnar for mange av prosjekta har vore marginalisering og sosial ekskludering og prosjekta har over tid bygd opp lange tidsseriar av data.

Innanfor helse- og sosialfagleg forskning er det eitt stort og langsiktig prosjekt om psykiatri, og dette går til 2005. I tillegg kjem fleire mindre prosjekt. Helse Midt-Norge har lagt sitt Kompetansesenter i pasientinformasjon til Volda, og det har kome prosjekt i grenselandet regional utvikling, velferdsforskning og media.

Personale


Ved årsskiftet 2004/2005 hadde Møreforskning Volda 11 tilsette og i tillegg har 11 tilsette hatt engasjement eller bistillingar i 2004. Dei fleste av desse er tilsette ved Høgskulen i Volda. To av dei tilsette er inne i doktorgradsutdanning. Det vart totalt utført 8,1 årsverk.

Økonomi

MFV hadde i 2004 inntekter på knapt 5,6 mill. kroner. Grunnløyvinga frå Forskningsrådet utgjorde 12,7 % av dei totale inntektene.

Kommunestruktur

I fleire separate prosjekt har Møreforskning Volda evaluert kommunestruktur i Møre og Romsdal. Prosjekta har vore leia av professor Jørgen Amdam med Johan Barstad, Inge Dyrhol (HVO), Johann Roppen, Geir Tangen og Else Ragni Yttredal som tilknytte forskarar.



Pendling mellom kommunar på Sunnmøre (pendlestraumar over 10%, i prosent av tal sysselsette).

I rapporten som gjeld Søre Sunnmøre blir framtidig kommunestruktur vurdert i høve til framtida til fylkeskommunen, noko som i stor grad kan påverke rammevilkåra til kommunane. Møreforskning vurderer det slik at det er lite å tene på kommunesamanslåing i seg sjølv. Tilrådinga frå Møreforskning Volda er at kommunane og Søre Sunnmøre regionråd bør arbeide vidare med den såkalla regionkommune-modellen med ein stor kommune og sju basiskommunar. Alternativet er akseptabelt og realistisk i forhold til hovudtrendane på nasjonalt nivå og akseptabelt og positivt også i forhold til andre vurderingskriterium.

For Romsdal og Nordmøre blir framtidige modellar med 2 og 4 kommunar med fleksibel organisering vurdert som mest aktuelt og realistisk for framtida.

Regionalforskningsprogrammet

I åra 1998-2004 har Jørgen Amdam vore leiar i programstyret for Noregs forskingsråd sitt program: Regional utvikling. Programkoordinator har vore forskar Geir Tangen ved Møreforskning Volda. Programmet vart avslutta med konferansen "Regioner i utakt", i april 2004. På avslutningskonferansen vart det lagt fram fire bøker (artikkelsamlingar) som eit synleg resultat av programmet.

Tilskotsordninga til samlivstiltak

Møreforskning Volda har på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet evaluert ordninga med tilskot til samlivstiltak. Evalueringa syner at satsing på samlivstiltak er liv laga. Kursa har mange deltakarar, deltakarane får eit stort utbytte, etterspurnaden aukar sterkt og det er svært mange ulike typar organisasjonar som ønskjer å arrangere kurs. Framover blir det særleg viktig å bevare den profesjonelle fagkunnskapen som er bygd opp på dette området, samstundes som ein tek vare på idealismen og gløden som mange frivillige arrangørar og kurshaldarar legg for dagen. Evalueringa syner også at nokre få store aktørar har fått mesteparten av utviklingsmidlane og at lokale arrangørar

helst brukar dei store aktørane sine program. Modum Bad sitt kurs (PREP) dominerer i marknaden blant spesielle kursprogram. Forskar Randi Bergem har leia prosjektet medan Grethe Mattland Olsen og Brynhild Solvang har vore tilknytte forskarar.

Særvilkårselevar inn i vaksenlivet

Prosjektet har handla om å kartlegge korleis elevar med særskild tilrettelegging i vidaregåande opplæring har klart seg seinare i livet og særskilt kva tilrettelegginga i vidaregåande skule har hatt å seie. Særleg har ein i prosjektet vore oppteken av om særvilkårselevane får best utbytte av å gå i vanlege klasser eller i spesialklasser. Resultata syner at på dei fleste livsområda aukar sjansane for god tilpassing om særvilkårselevane får gå i vanlege klassar. Prosjektet byggjer på tidlegare studiar av særvilkårselevar utført ved Møreforskning Volda og har vore leia av Jon Olav Myklebust og Rune Kvalsund med Finn Ove Båtevik og Brynhild Solvang som tilknytte forskarar.

Medverknad med suksess?

På oppdrag frå Miljøverndepartementet har Møreforskning Volda kartlagt kva røynsler funksjonshemma sine brukarorganisasjonar har med lokale planprosessar i kommunar som har gode resultat på området. Resultata tyder på at kommunale råd for funksjonshemma kan fungere slik som det var tenkt, men det er framleis mykje som står att sjølv i dei "beste" kommunane.



Norsk presses historie

Historikar Idar A. Flo har sidan 2003 vore stasjonert ved Møreforskning Volda for å arbeide på prosjektet "Norsk Presses Historie" i regi av Norsk Pressehistorisk forening.

Internasjonalisering

Den internasjonale profilen ved avdelinga har det siste året vorte styrkt gjennom deltaking i to COST-nettverk, tilsetjing av tre forskarar med internasjonal røynsle frå Spania, Canada og Eritrea og igangsetjing av eit doktorgradsprosjekt som omhandlar norske barn i Spania. I desember 2004 starta Møreforskning Volda sitt første EU-finansierte prosjekt som handlar om kommunikativ planlegging av skogsforvaltning.

I 2004 tilsette Møreforskning Volda fleire nye forskarar. Ovanfrå og ned: Paul Mitchell-Banks, Per Stangeland og Else Ragni Yttredal.



*Johann Roppen, adm.leiar/
forskningsleiar.*

MFV har samla sett brei samfunnsvitenskapleg kompetanse med fagområde som geografi, historie, journalistikk, kriminologi, landbruksvitenskap, mediefag, samfunnsplanlegging, økonomi, sosialt arbeid, statsvitenskap og pedagogikk representert i staben. I mange prosjekt er forskarar ved Høgskulen i Volda prosjektmedarbeidarar.

Administrasjon:

Dr. polit. Johann Roppen, adm. leiar/forskningsleiar
Cand. philol. Reidun Høydal, forskningskoordinator
Anne Aarskog, førstekonsulent
Marit Eliassen, konsulent

Forskarar:

Dr.scient. Jørgen Amdam, gruppeleiar og professor HVO
Dr.agric. Roar Amdam, professor HVO
Cand.mag. Johan Barstad, vitenskapleg konsulent
Cand.polit. Randi Bergem, forskar III
Dr.polit. Finn Ove Båtevik, forskar II
Siviløkonom Inge Dyrhol, amanuensis HVO
Dr.psychol. Tor Johan Ekeland, professor Universitetet i Bergen
Cand.philol. Idar A. Flo, forskar III
Cand.polit. Lars J. Halvorsen, stipendiat
Cand.polit. Ingun Klepp, høgskolelektor HVO
Dr.polit. Rune Kvalsund, førsteamanuensis HVO
Ph.D. Paul Mitchell-Banks, forskar II
Dr.polit. Jon Olav Myklebust, professor HVO
Cand.polit. Grethe Mattland Olsen, forskar III (perm. frå 1.5.05)
Master i samfunnsplanlegging Brynhild Solvang, forskar III/stipendiat HVO
Ph.D. Per Stangeland, forskar I
Cand.polit. Geir Tangen, forskar III
Cand.polit. Barbro Vartdal, forskar III (perm.)
Cand.paed.spec. Gerd Veddegjerde, høgskolelektor HiÅ
Cand.polit. Lars Jørgen Vik, førstelektor HVO
Cand.polit. Else Ragni Yttredal, forskar III

Generelt

Møreforskning Molde AS (MFM) eies av Stiftelsen Møreforskning og Høgskolen i Molde (HSM). MFM har et tett samarbeid med HSM om utvikling av FoU-nettverk nasjonalt og internasjonalt og utvikling av samarbeid med regionens næringsliv og forvaltning. HSM har gjennom dr.gradsutdanning i logistikk og stipendiater innen andre fagdisipliner en vesentlig oppgave i forskerutdanningen, mens MFM er miljøets oppdragsenhet for anvendt FoU.

Virksomhetsområder

Møreforskning Molde arbeider innen fagområdene:

- Transportøkonomi
- Logistikk for privat og offentlig sektor
- Næringsøkonomi
- Samfunn/Organisasjon/Ledelse

Personell

Selskapet har i snitt hatt 16 ansatte i helt eller deltidsstillinger. Det ble totalt utført 12,2 årsverk i 2004.

Økonomi

MFM AS hadde 8,3 mill kr i inntekter. Grunnbevilgningen fra Forskningsrådet utgjorde 10,5 % av de totale inntektene. De øvrige inntektene er fra prosjektarbeid med finansiering fra næringsliv og offentlige instanser.

Kunnskapsparken

Møreforskning Molde AS har kontorer i Kunnskapsparken. Her holder også Molde Kunnskapspark AS til, et selskap som arbeider med nyskaping og utvikling bl.a. gjennom en inkubator for nye tablerere. MFM deltar i dette arbeidet.

Nye transportmodeller vil være sentrale i oppfølging av Nasjonal Transportplan

MFM har hatt en sentral rolle som et faglig anker i utvikling og effektivisering av nye transportmodeller for regionale reiser i Norge. Arbeidet har vært delt mellom MFM, TØI og SINTEF. Modellene er nylig ferdig utviklet og skal blant annet brukes i forbindelse med strategiske analyser og tiltaksanalyser i Nasjonal Transportplan 2006-2015. Modellverktøyet gjør det mulig å måle trafikkmessige konsekvenser av å iverksette et tiltak som påvirker reisemønster og reiseomfang for personreiser. Prinsippet er at en først bestemmer turproduksjonen til og fra ulike soner. Sonesystemet i de nye modellene er meget finmasket med soner på grunnkrets nivå med omfattende demografiske data. Sonedata koblet med reisevaneundersøkelser gir grunnlag for beregning av turproduksjonen totalt og mellom soner som igjen kan fordeles på transportmidler med basis i transportmiddelkostnader, bilhold, førerkortinnehav, parkeringskostnader m.v. Modellen kan også beregne vegvalg eller reiserute. Vegnettet er detaljert kodet (koordinater) og det kan bestemmes avstander for både riks-, fylkes- og kommunale veger ned på lenkenivå. Kollektivtransportruter er også med.

Modellene gjør det mulig å studere effektene av å legge inn nye veglenker som eksempelvis tunneler og fjordkrysningsprosjekter. Også prosjekter i byområder kan analyseres både når det gjelder prosjekter i vegnettet og innen kollektivtransporten.

Transportplanleggingsmodell for Hustadmarmor

Hustadmarmor er et norsk selskap som inngår i det internasjonale OMYA-konsernet, og er en høgteknologisk prosessbedrift som med kalkstein som råstoff produserer flytende, nedmalt kalsiumkarbonat som blir brukt til fyllstoff og bstrykningspigment i papirproduksjon. 99 % av produksjonen eksporteres til utenlandsk papirindustri. Årsproduksjonen var i 2004 på 3 mill. tonn.

MFM har gjennom to forskningsoppdrag analysert etterspørsels- og skipningsmønsteret for bedriftens leveransar, og har laget en EDB-basert trafikkplanleggingsmodell som optimaliserer skipning av 16 produktvarianter til en rekke lagerterminaler i Østersjøen og Nordsjø-området, med en gitt flåte på 16-17 skip.



Lastekai for Hustadmarmor i Fræna kommune. Foto: Hustadmarmor.

Med denne trafikkplanleggingsmodellen har bedriften oppnådd store besparelser i skipningskostnader, og modellen kan i tillegg brukes som strategisk beslutningsstøtte ved optimalisering av størrelser på lagerterminaler og skip.

Nord-Vestlandet – liv laga?

Vi publiserte i 2004 flere arbeider om regional utvikling som et resultat av deltakelse i programmet *Regional utvikling* (REGUT) i Norges forskningsråd. Utviklingen på Nord-Vestlandet og dilemmaer i innovasjonspolitikken ble belyst gjennom artikler i nasjonale bøker fra REGUT-programmet og boken "Nord-Vestlandet liv laga?". Her belyses viktige problemstillinger knyttet til områder som næringskultur, entreprenørskap, innovasjon, demografiske endringer, innovasjonspolitik, transport, og fylkenes og fylkesplanenes rolle som utviklingsaktører og regionbyggere.

Vi deltok blant annet i studien av regionale næringskulturer på Nord-Vestlandet. Den viser at kunnskapsflyt og innovasjon påvirkes av ulike næringskulturer innenfor en og samme region. Den lanserer begrepene "regiondivergent" og "regionkonvergent" næringskultur. Regionkonvergent næringskultur preges av at aktørene deler verdier og normer som er basert på en antagelse om at de har ansvaret for et større felleskap, og det gjør det lettere å samarbeide og dele kunnskap. Innenfor en slik kultur vil en finne en sterk vev av uformelle og formelle kanaler for kunnskapsflyt og som stimulerer innovasjon. Regiondivergent næringskultur preges av at de økonomiske aktørene er mer opptatt av å sikre sine egeninteresser og vil stille strenge krav til den kalkulerbare nytten av samarbeid. Nettverkene og arenaene vil lett bli flyktige og ustabile og baseres på avgrensede prosjekter, og dette hemmer regional kunnskapsflyt og innovasjon. Regionkonvergent kultur ser i Møre og Romsdal ut til å prege sør-fylket og kysten, mens regiondivergent kultur i større grad ser ut til å prege nord-fylket og deler av Romsdal.

Lønnsom brukerstyrt forskning

Norge har som de fleste andre utviklede land omfattende systemer for offentlig støtte til forskning- og utvikling (FoU). Denne politikken bygger på generelle oppfatninger av at næringslivet på egen hånd underinvesterer i FoU. Selv om internasjonale studier viser høy avkastning av både FoU i næringslivet og av offentlig støtte til slik FoU, har vi lite presis kunnskap om hvordan den konkrete støtten i det norske virkemiddelsystemet fungerer og hvordan den kan forbedres. Norges forskningsråd har derfor i samarbeid med Møreforskning Molde under utvikling et helhetlig system for analyse av næringsrettet FoU-støtte basert på prinsippene for nytte-kostnadsanalyse. Det er bl.a. gjennomført intervju over lang tid med mange hundre bedrifter.

Vi finner at på lang sikt er det høy privatøkonomisk avkastning for bare få prosjekter, men den er så stor at den dekker alle kostnadene for alle de undersøkte prosjektene. Kompetanseutvikling, teknologiutvikling og nettverksbygging synes likevel å bety mer for bedriftene enn prosjektene økonomiske avkastning. FoU-prosjektene skaper i stor grad ny kunnskap, vitenskapelige publiseringer, doktorgradsutdanning og økt samarbeid mellom bedrifter og universiteter/FoU-institutter. Dette viser at det er positive eksterne virkninger som også gir begrunnelse for å støtte FoU-prosjekter. Selektiv FoU-støtte til bedriftene synes å være fullt utløsende for realisering av over 40% av prosjektene.

Forskningsrådets prosjektvurderingssystem (Provis) synes å fungere godt som hjelpemiddel for å selektere gode prosjekter for støtte. Det er signifikant sammenheng mellom prosjekter som får høy score i prosjekt-vurderingssystemet og de som oppnår gode resultater på lang sikt.



Daglig leder Lasse Bræin.

Adminstrasjon

Daglig leder: Lasse Bræin
Førstekonsulent: Tone Finnøy Straumsheim

Forskningsledelse

Transportøkonomi: dr. ing. Svein Bråthen
Logistikk: dr. ing. Oddmund Oterhals
Samfunn, organisasjon og ledelse: dr. polit. Dag M. Berge (til 31.7.04)
Næringsøkonomi: professor Arild Hervik

Vitenskapelig personell med tilsetning i MFM på hel eller deltid

Dag Magne Berge, dr.polit., forskningsleder/førsteamanuensis HSM (permisjon fra 1.8.04)
Bjørn Greger Bergem, siv.øk, vit.kons.
Ove Bjarnar, cand.polit. forsker II
Sindre Olav Blindheim, (eng. til 30.6.04)
Knut Bryn, siv.ing, forsker III (til 29.2.04)
Lasse Bræin, MSc og executive MBA, forsker III
Svein Bråthen, dr.ing., forskningsleder/førsteamanuensis HSM
Line Foss, cand.polit, rådgiver (til 1.5.04)
Arild Fuglseth, høgsk.kand., rådgiver (til 30.6.04)
Hallgeir Gammelsæter, dr.polit, førsteamanuensis HSM
Bjørn Olav Gullberg, MA Logistics, rådgiver (eng.)
Arild Hervik, cand.oecon., forskningsleder/seniorforsker MFM/professor HSM
Solveig Husby, cand.polit., forsker III (til 1.12.04)
Odd I Larsen, cand.oecon., seniorforsker MFM/professor HSM
Roar Lervik, siv.øk. HAE, forsker III/prosjektleder M&R fylkeskommune
Lage Lyche, cand.polit. (samfunnsøkonom), forsker III
Oddmund Oterhals, dr.ing., forskningsleder
Jens Rekdal, cand.polit. (samfunnsøkonom), forsker II
Mette Rye, cand.oecon, forsker III
Kyrre Romuld, MSc, rådgiver (til 1.9.04)
Edvard Sandvik, MA Transport Economics, forsker III

Høgskoleansatte som deltar i faggruppene

Kai Bedringås, dr.ing., førsteamanuensis HSM
Helge Bremnes, cand.oecon., høgskolelektor HSM
Arnt Buvik, dr.oecon., professor HSM
Øyvind Halskau, førsteamanuensis HSM
Olav Hauge, siv.øk. HAE, amanuensis HSM
Harald Hjelte, dr.ing., førsteamanuensis HSM
Jan Husdal, MSc, dr.gradsstudent HSM
Arne Løkketangen, dr.scient., professor HSM
Ottar Ohren, dr.ing., førsteamanuensis HSM
Asmund Olstad, siv.øk. HAE, rådgiver MFM/stipendiat HSM

Kva tilbyr Møreforsking?

Forsknings- og utviklingsoppdrag

Møreforsking tar på seg forsknings- og utviklingsoppdrag på dei områda som er nemnde under omtalen av dotter-selskapet og dei to forskningsavdelingane. Oppdragsgivarar er i første rekkje Forskringsrådet, Innovasjon Norge, privat næringsliv og offentleg forvaltning.

Vi yter hjelp til utvikling av nye prosjekt. Dette inneber mellom anna arbeid med å formulere og organisere prosjekt, og å finne fram til aktuelle finansieringskjelder og aktuelle fagmiljø på område der vi sjølve ikkje har nødvendig kompetanse.

Kontakt med brukarane

Møreforsking legg vekt på god kontakt og nært samarbeid med oppdragsgivarar og andre brukarar av forskning. Det viser seg at dette er viktig for å få i gang ny forskning, for gjennomføring av prosjekta og for formidling av forskningsresultata. Ta difor gjerne kontakt med oss dersom du har aktuelle forskningsbehov eller idear til prosjekt som du ønskjer å drøfte.

Informasjon og formidling

Forskinga frå stiftelsen blir formidla gjennom bøker, artiklar i tidsskrift, rapportar og foredrag og gjennom radio, aviser og fjernsyn.

Møreforsking, Hovudkontoret
Postboks 325, 6101 Volda
Telefon: 70 07 52 00. Faks: 70 07 52 01
Heimeside: www.moreforsk.no
E-post: moreforskning@moreforsk.no

Kontaktperson:
Direktør Bjørn Stave

Organisering frå 1.1.02:

Avdelingar

Møreforsking Volda
Postboks 325, 6101 Volda
Telefon: 70 07 52 00. Faks: 70 07 52 01
Heimeside: www.moreforsk.no
E-post: moreforskning@moreforsk.no

Møreforsking Ålesund
Postboks 5075, 6021 Ålesund
Telefon: 70 16 13 50. Faks: 70 13 89 78
Heimeside: www.moreforsk.no
E-post: epost@mfaa.no

Dotterselskap

Møreforsking Molde AS
Britvegen 4, 6411 Molde
Telefon: 71 21 42 90. Faks: 71 21 42 99
Heimeside: www.mfm.no
E-post: mfm@himolde.no

Adm. leiar/forskningsleiar:
Dr. polit. Johann Roppen

Adm. leiar/forskningsleiar:
Dr.ing. Iren Skjåstad Stoknes

Dagleg leiar:
Siv.ing. Lasse Bræin